



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 05.01.2015  
Vår ref.: 2014/24723-2  
Saksbehandlar: heihand  
Dykkar ref.: 14/6391

## Kulturminnefagleg innspel - Søknad om bygging av landbruksveg - Hopsdal - gnr 192 bnr 4 - Lindås kommune

Vi syner til motteken søknad med kart vedrørande bygging av landbruksveg, vegklasse 4, på Hopsdal gnr 192 bnr 4 i Lindås kommune datert 17.12.14. Søknaden gjeld utbetring av eksisterande veg frå snuplass ved kommunal veg, samt anlegging av ny veg nordover frå tunet på gnr 192 bnr 4. Samla utgjer veglengda om lag 300 m (målt på kart).

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi som blir direkte råka av det omsøkte tiltaket. Det framgår av søknaden at det skal vere funne fornminne i nærlieken av tiltaket. Av Per Fett sine registreringar i Lindås herad framgår følgjande funn på garden Hopsdal:

**HOPSDAL, gnr. 192.**

**Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 2212.**

**Funnkartet nr. 2. Asbjørn Eide, bnr. 3.**

*Røys ligg på fjellet 70 m SV for Krossvarden på Krossane, snautt 400 m o. h. Ho er 9 m i tvm. og 1 m høg, bygd av steinblanda jord, med ei steinsetting på toppen som om der var fundament for stein eller stokk. - Den gamle prestevegen til Seim gjekk noko nedanfor røysa.*

**Funnkartet nr. 3. Funnstad for B 12041.**

*B 2212 - Gullarmring f. under ein "ganske lidet" stein i sokket S for Timbrehøgjen, 100 m ovanfor tunet på bnr. 4, Anton Hopsdal. Der var mange småheller, og mogleg var her eit tun. Tilv. i Ab. 1868.*

**Katalog:**

*Lorange 1875 s. 85.*

**B 12041 - Yrom. snellehjul f. i ein bekk (der det knapt har lege lenge) på bnr. 3, Asbjørn Eide, nedanfor ei bru. Nr. 3 på funnkartet.**

Funn av ein einskild armring kan representere eit offerfunn, eller den kan tilhøyre ei grav. Spinnehjul opptrer ofte i kvinnegraver, men er òg vanleg å finne i buplasskontekstar. Kartet til Fett er ikkje av ein slik kvalitet at funnstadene kan lokaliseraast nøyaktig ut frå kartet. Dei tidlegare kjende funna på staden indikerer eit potensiale for at det òg kan finnast andre automatisk freda kulturminne i området. Vi finn det dermed naudsynt å gjere ei synfaring, eventuelt ei mindre arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova før vi kan gi endeleg fråsegn til søknaden. Då tiltaket er av mindre privat karakter vil Hordaland fylkeskommune

dekke kostnader til slik registrering. Synfaring/registrering vil bli gjort så snøgt som råd, men vi må ta etterhald om bår og frostfri mark.

Vi ber Lindås kommune avvente vedtak i saka til arkeologisk synfaring/registrering er gjennomført, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Dersom ein har spørsmål eller merknader til det ovannemde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Heidi Handeland, 55 23 91 72, Heidi.Handeland@hfk.no.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Heidi Handeland  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*